



ÅRSMELDING 2015

ÅRSMELDING

IL JOTUN *Turn*

for perioden

1. januar 2015 til 31. desember 2015

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



1. Styret sin samansetning

- Leiar – Geir Inge Tufte 2015/2016
- Nestleiar – Ingeborg Hjelle 2015/2016
- Kasserar – Ruth Laberg 2015/2016
- Styremedlem – Lena Hollevik 2015
- Styremedlem: Annbjørg Lereng 2015/2016

Anne Gjerme Røyrvik går inn for Lena Hollevik i 2016/2017

2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Sportsleg leiar – Ruth Laberg 2015/2016
- Leiar Turnstemne 2016 – Sofie Moen

3. Møter

- 4 møter

4. Saker

- Viktigste sakene for turngruppa siste året har vore å auka kompetanse blant trenarane. Me er no 15 utdanna trenar 1. Me held fram med utdanning, da dette er einaste veg å gå mot auka rekruttering.
- Me har satsa på høgare sportsleg nivå. Har knytt til oss flinke trenarar som verkeleg har heva nivået i gruppa.
- Fokus på å få ein komplett utstyrsark.
- Turnbasar 2015
- Sal av billodd
- Ferdigstilling oppussing turnhall
- Basistreningsamling med Esben Jansen
- Juleoppvisning

5. Medlemstal

- Antall aktive utøvarar i gruppa – totalt 113 utøvarar (60)
- Antall utøvarar mellom 5-12år - 85
- Antall utøvarar mellom 12-16år - 20
- Antall utøvarar 17 år og eldre – 8

6. Utdanning

- 15 personar har teke trenar 1 utdanning. Me er den klubben i fylket som har utdanna flest trenarar etter dei nye reglane vedteke på tinget i 2012.
- Jotun har to utdanna kretsdommarar.
- Jotun skal utdanne 10 nye trampett 1 trenarar og 3 nye trampett 2 trenarar i februar 2016

7. Særforbund

- Norges Gymnastikk og turnforbund

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



8. Konkurransar –Stemner – turneringar

- Oversikt over deltkaing på større turneringar, stemner eller andre konkurransar
- Barneturnstemne i Sandane, april 2015.
- KM i Stryn november 2015. Derifrå kom me heim med 3 gull og 1 bronse.

9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2015 kr 249.013,-
- Resultat 2015 kr.77.259,-
- Budsjett 2016 : sjå eige vedlegg
- Motteke gåver frå Øvre Årdal kjemiske, butikkane i Årdal har gitt gåver til basaren.
- Indre Sogn Sparebank, Årdalsnett AS, Årdal Energi KF.

10. Anlegg & Utstyr

- Tumblingbane, Airfloor, Airtrack, Trampett.
- Årdalshallen og Turnhallen (Agnitiohallen)
- Årdalshallen er god å trene i , men me har for lite halltid der og det er ikkje lagerplass til å lagre utstyr. Turnhallen er grei nok, men altfor lågt under taket. Dei eldste kan ikkje hoppe trampett i turnhallen.

11. Oppgåver i året som kjem

- Barneturnstemne 2016
- Halde fram det gode arbeidet med å utdanne meir trenarar.
- Har søkt om å arrangere KM i november.
- Jobbe for å arrangere ein eigen Årdalskonkurransar.
- Jobbe for å arrangere «saltokonkurransar». Eit lågare nivå, men meir tilpassa reglar for alle.
- Igangsetje planar om å arrangere sommarsamlingar.
- Setje i gang anleggsutvalg
- Få drift i eit sportsleg utvalg

12. Eksterne verv – representasjon

- Ingeborg Hjelle sit i styret for symjekretsen
- Geir Inge Tufte sit som nestleiar i Årdal Sportsskyttarklubb
- Ruth har sete i komite for fordeling av midlar
- Ruth har sete i komite for ny klubbkolleksjon av klede -/ drakter.

Generell del

Siste halve året har turnfamilien vår vokse voldsomt 😊 Ikkje berre har me fått fleire utøvarar, me har og gått frå å vera 1 person med trenar 1 utdanning i 2013 til å bli 15 utdanna trenar 1 i 2015. I tillegg er det mange foreldre som stiller opp som hjelpetrenarar. Me prøver og å trena opp dei erfarne turnarar våre til å ta på seg trenarverv. Me jobbar på så

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



Vår dato
25.01.16

Vår referanse

godt me kan for å klare å tilfredstille dei nye krava til utdanning som Idrettsnorge har bestemt for alle særgrupper.

Det at me veks og utdannar fleire trenarar, betyr og at me kan auka aktivitetsnivået. Eg kan ikkje få fullrost nok alle dei engasjerte trenarane som møter opp kveld etter kveld , veka etter veka utan å ha ei einaste krona for innsatsen. Tusen takk til alle dei som stiller opp☺ De er gull verdt for Jotun☺

Turngruppa vil og retta ei stor takk til næringlivet i bygdi som alltid er positive når me kjem og masar om bidrag til lotteri eller basar. Ei spesiell takk til Sunde Resirk som gav oss ein stor dugnad som gjorde det muleg å kjøpa konkurransegolv. At det var vel anvendte pengar kan ein trygt seie etter at me kom heim med tre gullmedaljar og ein bronsemedalje etter KM i november.

Øvre Årdal, 18.02.2016
IL Jotun Turn

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308